



Arkivnr: 2014/1388-1  
Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		04.02.2014
Fylkesutvalet		19.02.2014
Fylkestinget		11.03.2014

## Årsmelding for klagenemnda - 2013

### Samandrag

Klagenemnda har handsama årsmeldinga for 2013 og saka vert lagt fram for fylkestinget til orientering.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget tek årsmelding for klagenemnda 2013 til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 16.01.2014****1. Innleiing.**

Klagenemnda legg her fram årsmeldinga for arbeidet i klagenemnda i 2013.

**Heimel for klagenemnda.**

Klagenemnda er oppretta av fylkestinget med heimel i forvaltningslova § 28, 2. ledd. Klagenemnda si kompetanse er tildelt gjennom reglement vedteke av fylkestinget i sak 37/95.

**Oppgåver.**

Klagenemnda har til oppgåve å handsame klager på enkeltvedtak fatta av fylkeskommunalt organ, med unntak av fylkestingsvedtak. Kommunaldepartementet er klageorgan over enkeltvedtak fatta av fylkestinget. Enkeltvedtak er vedtak som generelt eller konkret er avgjerande for rettar og pliktar til ein eller fleire personar.

**Kompetanse.**

Klagenemnda kan prøve alle sider av det vedtaket som det er klaga over, rettslege spørsmål, sakshandsaminga og forvaltningsskjønnet. Ein skal og ta omsyn til nye omstende og tilhøve som ikkje vart vurdert i samband med førsteinstansen si handsaming.

Klagenemnda handsamar mellom anna klager over vedtak etter veglova der fylkeskommunen er klageinstans. Det følgjer av at regionvegsjefen høyrer inn under fylkeskommunen i saker som gjeld fylkesvegar. I praksis inneber dette at klagenemnda gjennom åra handsamar ein del klager over vegsjefen sine vedtak i saker som til dømes gjeld avkjørsler frå fylkesvegane og likeeins klager på vegsjefen sine vedtak om dispensasjon frå byggegrense etter veglova.

**Sakshandsaming.**

Handsaminga i klagesaker følgjer forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming. Den instansen som har fatta vedtaket skal handsame klagen som førsteinstans og kan ta klagen til følgje eller ikkje, avvise klagen eller omgjere vedtaket. Dersom førsteinstansen ikkje tek klagen til følgje går klagen vidare til klagenemnda.

**Overprøving.**

Klagenemnda sine vedtak kan ikkje overprøvast forvaltningsrettsleg, men etter vanlege prinsipp i norsk rett kan vedtak i klagenemnda og vedtak av departementet overprøvast i rettsapparatet.

**2. Samansetjing****Valbolken 2011 – 2015**Medlemer

1. Stig Morten Frøiland (A) (FL)
2. Morten Myksvoll (Frp)
3. Cathrine Schjelderup (H)
4. Torunn Hovland Ljone (SV) (FL)
5. Grete Kvilvang (V)

Leiar: Grete Kvilvang frå 11.12.2012

Nestleiar: Morten Myksvoll

Varamedlemer

Jostein Ljones (Sp) (FL)  
 Marit Austnes (A) (FL)  
 Dag Rune Mo (A) (FL)  
 Liv Edel Mikkelsen (A) (FL)  
 Elisabeth Eide Tharaldsen (Frp)  
 Ellinor Kreybu (Frp)  
 Laila Reiertsen (Frp)  
 Lisbeth Lunde Axelsen (H)  
 Arne H Havnerås (H)  
 Haakon A Sundve Thuestad (H)  
 Bjørn Magne Hufthammer (V)  
 Torstein Gunnarson (V)  
 Gro Gjelsvik (V)

**3. Klagenemnda sine saker i 2013**

<b>Saknr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Saktittel</b>
1/13	201210212-2	Klage på avslag om ny avkjørsle og byggegrense til Fv 48 i Skeishagen i Kvinnherad kommune
2/13	201300658-2	Klage på avslag om utvida bruk av avkjørsle på gnr. 33 bnr 83 på Hagavik i Os kommune
3/13	201200611-69	Klager på transportordninga for funksjonshemma - Bergen kommune Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13
4/13	201106988-213	Klage på vedtak om tilbakekalling av drosjeløyve Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13
5/13	201300154-23	Klager Transportordninga for funksjonshemma - Bergen kommune Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13
6/13	200800101-42	Klager - Transportordninga for funksjonshemma Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13
7/13	201112782-20	Årsmelding for Klagenemnda -2012
8/13	201112933-263	Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrense til Fv 48 i Uskedalen i Kvinnherad kommune
9/13	201112933-262	Klage på vedtak om tillatelse til å nytte avkjørsle frå fylkesveg 391 på Leknes i Lindås kommune
10/13	200801119-83	Klager - Transportordninga for funksjonshemma Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13
11/13	201302978-2	Klage på avslag om dispensasjon frå byggegrense frå Fv 276 Tunesvegen, Garnes i Bergen kommune for bod

12/13	201302877-2	Klage på avslag om ny avkjørsle på Steinsland i Sund kommune
13/13	201300005-77	Klage- Vedtak om ikkje godkjent oppmelding til fagprøve i logistikkfaget Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13
14/13	201300154-38	Klager - transportordninga for funksjonshemma - Bergen kommune Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13
15/13	201102297-150	Klage frå BBK AS- Bybanetraseen byggetrinn 3, Rådal - Flesland. Flytting av ledninger i traseen
16/13	201102297-152	Klagefrå Telenor Norge AS - Bybanetraseen byggetrinn 3. Flytting av ledninger i traseen
17/13	201301781-4	Klage på inntaket til vidaregåande opplæring ved Austevoll vidaregåande skule Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13
18/13	201105561-12	Klage på vedtak om avslag om gjesteelevgaranti Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13
19/13	201112933-373	Klage på avslag om førehandstilsegn av bygging av ny avkjørsle til Fv 241 Tertnesvegen i Åsane i Bergen kommune
20/13	201112933-347	Klage på avslag om dispensasjon frå byggegrense til Fv 300 på Hakestad i Ulvik kommune
21/13	201205550-107	Klage- avslag på søknad om næringsretta midlar til regional utvikling
22/13	201301847-42	Klage over vedtak om å gje ruteløyve for sigthseeing i Bergen sentrum til selskapet Open Top Sightseeing Norway AS
23/13	201300005-85	Klagesak - Klage på ikkje godkjent oppmelding i kontor- og administrasjonsfaget Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13
24/13	201300154-51	Klager- transportordninga for funksjonshemma Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13
25/13	201306335-5	Klager - Avslag på skuleplass Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13
26/13	201112933-373	Klage på avslag om førehandstilsegn av bygging av ny avkjørsle til Fv 241 Tertnesvegen i Åsane i Bergen kommune
27/13	201112933-432	Klage på avslag på dispensasjon frå byggegrense for tilbygg på Ervikvegen 60 i Åsane i Bergen kommune
28/13	201304389-4	Klage på ikkje godkjendt oppmelding til fagprøve i industrimekanikerfaget Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13
29/13	201304257-4	Klage på ikkje godkjendt oppmelding til fagprøve i industrimontørfaget Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13

30/13	200800241-90	Klager - Transportordninga for funksjonshemma Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13
31/13	201303160-12	Klagesaker - Transportordninga for funksjonshemma Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13
32/13	201306729-3	Klage på ikkje godkjent oppmelding til fagprøve i elektrikarfaget Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13
33/13	201308585-2	Klage på vedtak om avslag på utvida bruk av avkjørsle til Fv 564 på Fløksand i Meland kommune
34/13	201112933-494	Klage på avslag om førhandstilsegn på å bygge avkjørsle til Fv 174 på Hjellestad i Bergen kommune
35/13	201013576-41	Klage på vedtak om avslag på krav om dekning av saksomkostninger etter forvaltningslova § 36 etter omgjerding av vedtak.
36/13	201306775-5	Klagesak - avslag på skulereisekort
37/13	201306694-6	Klagesak - Klage på ikkje godkjent oppmelding til fagprøve som praksiskandidat i heismontørfaget Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13
38/13	201300154-86	Klage - avslag på søknad om høgare TT - kvotebeløp Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13
39/13	201300154-85	Klager - transportordninga for funksjonshemma Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13

#### **4. Samandrag.**

Klagenemnda har hatt 7 møter. Klagenemnda har handsama 69 klager fordelt på 39 saksnummer. Årsaka til at det er større tal klager enn saker er at fleire klager er handsama i ei sak. Dette gjeld i hovudsak for klager i samband med transportordninga for funksjonshemma. I tillegg kjem behandlinga av årsmeldinga for 2012, slik at totalmengde saker er 70. Ei sak vart utsett i påvente av at befarig var gjort. Sak 19/13 og 26/13 er av den grunn same sak, og vert rekna som ei sak.

Klagene fordeler seg på ulike sektorar, som i 2013 er samferdsle ( transportordning for funksjonshemma, skuleskyss og løyve), opplæring ( skule og fagopplæring), tilskotssaker og vegsektoren ( avkjørslesaker og dispensasjon frå byggegrense). Hovudtyngda av saker gjeld transportordninga for funksjonshemma.

Talet på klager er på same nivå som i 2012 (69).

#### **5. Kort om dei ulike saksområda som klagen fell inn under.**

Område	Tal klager 2013 (2012)	Klage teke til følge
Transportordninga for funksjonshemma.	36 (34)	6

Skulereisekort / særskild skyss.	1 (1)	0
Avgjerd om inntak –kva skule	6 (3)	1
Gjesteelevgaranti	1 (0)	1
Ikkje godkjent oppmelding til fagprøve / manglande praksis	6 (3)	0
Ruteløyve	1	0
Inndraging av drosjeløyve	1 (8)	0
Avslag på dekning av sakskostnader.	1	0
Klager vedkommande saker frå vegkontoret		
Dispensasjon byggegrense	4 (1)	2
Avkøyrsløve	7 (5)	0
Tilskotssaker		
Næringsretta midlar	2 (2)	0
Flytting av ledningsnett		
Bybanetraseen	2 (2)	0

## 5.1. Samferdsel

### a. Transportordninga for funksjonshemma.

Talet på klager som er behandla av klagenemnda i 2013 er om lag likt som i 2012.

Innan dette feltet er det klare retningslinjer om kva som skal til for å koma med i ordninga. Det går på om ein er i stand ( ut frå ei medisinsk vurdering) til å nytta offentleg transportmiddel eller ikkje ut frå at ein vert å rekna som "grovt forflytningshemma."

Saksgangen i desse klagesakene er at søknaden og legeerklæring , samt klaga vert oversendt 3 legar ( som er med i ei legenemnd på 6 stykk, 5 legar + ein psykiater). Desse 3 legane vurderer eigenerklæring(søknad), legeerklæring frå søkjaren sin lege og klaga, samt det som elles er dokumentasjon i saka. Legane vurderer ut frå det medisinske om søkjaren er sterkt nok rørslehemma til å tilfredstilla krava som er nedfelt i retningslinjene for ordninga. Legane kjem med ei tilråding i saka. Finn desse legane at vedkommande etter ei medisinsk vurdering ikkje tilfredstiller krava til å koma med i ordninga er det svært mykje som skal til før klagenemnda etter ei totalvurdering av saka finn at søkjaren kan godkjennast som brukar. I dei tilfella det vert klaga og det er nye og endra opplysningar i saka, vert vedtaket i dei fleste tilfella omgjort av underinstansen ( fylkesdirektør samferdsel). Saka vert då ikkje lagt fram for klagenemnda. Dette er grunnen til at det er få saker som vert omgjort av klagenemnda.

36 klager har vore til behandling i klagenemnda i 2013. Av desse vart 6 klager tekne til følgje.

Det er omlag behandla 3500 søknader om godkjenning som brukar til transportordninga i 2013. Dette er eit noko høgare tal enn i 2012. Grunnen til dette er at det er fleire som har måtta søkja om fornya godkjenning som brukar i 2013.

Om lag 15% av søkjarane fekk avslag på sine søknader. Av desse avslaga vart i overkant 10% klaga på. Fylkesdirektør samferdsel har som underinstans omgjort ein del av desse avslaga, og godkjent søkjarane som brukarar av ordninga, som følgje av nye opplysningar og betre dokumentasjon i klaga.

Sett i høve til totalmengde søknader er det eit lite tal av søknadane det vert klaga på. Dei som går vidare til behandling i klagenemnda er i hovudsak saker der det ut frå innsendt dokumentasjon ikkje ligg føre opplysningar som tilfredstiller dei strenge krava som må liggja føre i høve nedsett mobilitet. Saker der klagenemnda har omgjort vedtaket og teke klaga til følgje er i saker der det frå legemnda har vorte gjeve uttrykk for tvil.

Eit moment som kan vera medverkande til at det er ein liten del av avslaga som vert klaga på, er at mange søker på nytt i staden for å klaga. Det er ingen grenser for kor ofte og kor mange gangar ein kan søkja. Har søkjaren sin situasjon i høve vilkåra for å koma med i ordninga endra seg, og søkjaren legg fram ny dokumentasjon vert det sendt ny søknad i staden for å klaga på tidlegare avslag.

#### **b. Skulereisekort**

Talet på klager på skuleskyss har dei siste åra vorte redusert. Grunnen til dette er innføringa av ordninga der mange av elevane som har rett til fri skuleskyss i staden må nytta retten til å kjøpa Ungdomskort/ Ungdomskys. Dette gjeld i mange delar av fylket.

Saka det vert klaga på i 2013 gjaldt avstandsmåling og fastsetjing av denne. For å få rett på skulereisekort må avstanden mellom heim og skule vere meir enn 6000m.

#### **c. Løyver**

Når det gjeld saker knytt til løyver var det i 2013 to saker, inndraging av drosjeløyve og tildeling av eit ruteløyve for sightseeingbuss. Talet inndragingssaker ligg på det nivå som har vore vanleg dei siste åra , med unntak av 2012, då det det året vart føreteke ein kontroll av om drosjeinnehavarane hadde drosjeløyve som sitt hovuderverv. Dette medførte fleire saker om inndraging av drosjeløyver og fleire av desse sakene vart klaga på.

#### **5.2. Vegsektoren.**

I 2013 har dei sakene vore relatert til søknad om ny avkøyrslé eller utviding av bruken av avkøyrslé og dispensasjon frå byggjegrænse. I desse sakene har det vore fleire omgjerigar av klagenemnda slik at klagaren har fått medhald i klaga si. Talet på saker som vedkjem vegsektoren har vore om lag det same dei siste åra.

#### **5.3. Opplæring / Fagopplæring.**

Saker som har vore til behandling i klagenemnda tidlegare år og som gjeld fagopplæring er: ikkje-godkjent oppmelding til fagprøve/sveineprøve p.g.a. manglande praksis, heving av lærekontrakt, og formelle feil ved avvikling av fagprøve.

I 2013 har det berre vore klagesaker knytt til : ikkje-godkjent oppmelding til fagprøve p.g.a. manglande praksis.

Saker relatert til skule har vore i høve tilbod om kva skule ein har fått skuleplass på.

Talet på klagesaker som gjeld fagopplæring/ skule har vore stabilt dei siste åra, også dette er eit lågt tal sett i høve til talet saker og vedtak som vert gjort på dette fagområdet.

#### **5.4 Tilskotssaker**

Det har vore 2 saker knytt til klage på tilskot til næringsretta midlar til regional utvikling. Dette er same tal som i 2012, der sakene galt tilskot innan kultursektoren.

### **6. Saksgang / Saksbehandlingstid**

#### **6.1. Saksgang**

Det er enkeltvedtak det kan klagast på. Når vedtaksinstansen får inn klage på eit enkeltvedtak må den som underinstans sjølv først behandla klaga. Underinstans skal gjere dei undersøkingar som er naudsynt for at saka og det klaga grunnar seg i er så godt opplyst som mogeleg. Underinstans gjer vedtak i saka. Vedtaket kan vera å fasthalda sitt eige vedtak ( avslå klaga), oppheva vedtaket eller endra det (gjera nytt vedtak). Dersom underinstans opprettheld sitt vedtak skal saka sendast klagenemnda for endeleg avgjerd.

Klagesaka vert så behandla og førebudd og fylkesrådmannen legg fram sak for klagenemnda. Klagenemnda sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på.

#### **6.2. Saksbehandlingstid**

Når det gjeld saksbehandlingstida for klagesakene, kan denne delast i to.

##### 1. Tida frå klagen vert motteken av underinstans til den vert oversendt klagenemnda sitt sekretariat for saksførebuing.

Underinstans skal gjere dei undersøkingar som er naudsynt for at saka og klaga skal vera så godt opplyst som mogeleg. I nokre saker kan dette ta noko tid. Av dei sakene som har vore behandla av klagenemnda i 2013 ligg saksbehandlingstida hos underinstans gjennomsnittleg på 3 månader.

##### 2. Tida frå klagesaka vert motteken til behandling og til klagenemnda behandlar saka og fattar vedtak.

Klagesaker som vert oversendt klagenemnda vert behandla i første møte klagenemnda har etter at dei er mottekne av klagenemnda sitt sekretariatet. Saksbehandlingstida er vanlegvis ikkje lenger enn tidsintervallet mellom nemnda sine fastsette møter. Dette er vanlegvis ca. 2 månader. Dersom det er saker som hastar eller det er stor mengde saker vert det innkalla til ekstramøte.

Unntaksvis kan det vera saker som tek lenger tid enn gjennomsnittet. Dette grunnar seg i at sakene er av slik karakter at det tek tid å få fram all fakta og å setja seg inn i det rettslege grunnlaget. Dette gjeld stort sett komplekse og store saker.